



SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet	30.01.2025	10/25
Kommunestyret	25.02.2025	5/25

Bygdevekstavtale for Vest-Telemark 2025-2028

Vedlegg

- 1 Bygdevekstavtale mellom staten Telemark fylkeskommune og kommunane Fyresdal Kvitseid Nissedal Seljord Tokke og Vinje
- 2 Forslag fra staten til bygdevekstavtale Vest-Telemark

Dokument i saka

Bygdevekstavtale for Vest-Telemark

Bakgrunn

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) inviterte i 2023 til å prøve ut bygdevekstavtaler som nytt distriktspolitisk verkemiddel. Vest-Telemarkrådet, som også har utarbeidd denne saksframstillinga, søkte på vegne av alle dei seks kommunane og vart i januar 2024 valt ut som éin av fem nasjonale bygdevekstpilotar.

Målet med bygdevekstavtaler er å bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling i dei minst sentrale delane av Distrikts-Noreg. Samtidig skal prosjektet styrke samordninga av offentlege tiltak og verkemiddel slik at innsatsen treffer betre lokalt.

Målgruppa for ordninga er dei minst sentrale distriktskommunane. Departementet har oppfordra til samarbeid mellom kommunar. Alle dei seks kommunane i Vest-Telemark er plassert i sentralitet 5 og 6 (lågast). Sentralitetsindeksen er ein kode med ein verdi for kvar kommune.

Hausten 2023 vart dei fem første pilotområda, etter søknad, valde ut til å prøve ut bygdevekstavtaler som nytt distriktspolitisk verkemiddel. Det er i dag totalt ti bygdevekstpilotar spreidde over heile landet.

Telemark fylkeskommune gjorde vedtak i fylkestinget hausten 2024 om å vera ein hovudpart i arbeidet med bygdevekst for Vest-Telemark.


Bygdevekstavtala er godt forankra i nasjonale strategiar, inkludert Hurdalsplattforma, Stortingsmelding nr. 27 (2022-2023) «*Eit godt liv i heile Noreg – distriktspolitikk for framtida*» og Statsbudsjetta for 2023, 2024 og 2025.

Pilotar i pulje 1 (2023) – mørk blå farge på kartet (nedanfor):

- **Pilot Vestre Varanger:** Berlevåg, Båtsfjord, Nesseby og Tana
- **Pilot Midt-Finnmark:** Gamvik, Lebesby, Porsanger og Nordkapp
- **Pilot Vest-Finnmark:** Hammerfest, Måsøy og Hasvik
- **Pilot Indre-Namdal:** Grong, Lierne, Namsskogan og Røyrvik
- **Pilot Midt:** Rindal og Holtålen

Pilotar i pulje 2 (2024) – lysare blå farge på kartet:

- **Pilot Nord-Troms:** Kåfjord, Kvænangen, Nordreisa og Skjervøy
- **Pilot Aure og Smøla**
- **Pilot Solund og Fedje**
- **Pilot Innlandet:** Engerdal, Trysil, Våler og Åmot
- **Pilot Vest-Telemark:** Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje



Figur 1-1 Geografisk plassering av deltagerkommunene i Pulje 1 og -2 i utvikling og utprøving av bygdevektsttaler som distriktpolitisk virkemiddel

Kjelde for kartet: SINTEF – Midtveisrapport i følgeforskning og -evalueringa av Bygdevektsttaler som distriktpolitisk virkemiddel – 03.09.20224

Fasar i bygdevekstprosjektet:

Forfase (2023): Kommunane i Vest-Telemark ved Vest-Telemarkrådet utarbeidde ein felles søknad for å delta som bygdevekstpilot.

Fase 1 (2024): Utvikling av avtaleinnhald og forhandlingar. Prosjektet har fått tilsegn om 2 mill. kr til prosjektleiing.

Fase 2 (2025-2028): Implementering av hovudavtala og utvikling av årlege handlingsplanar med oversikt over konkrete tiltak.

Det er sett av 22 mill. kr på statsbudsjettet for 2025. Det ligg ei forventning om ytterlegare 1 mill. kr i 2026, 19 mill. kr i 2027 og 1 mill. kr i 2028 til pilot Vest-Telemark. Dette er avhengig av korleis statsbudsjettet blir vedteke kvart år

Organisering av prosjektet

For å sikre god gjennomføring og forankring er prosjektet organisert slik:

- **Prosjekteigar:** Vest-Telemarkrådet med dei seks ordførarane
- **Prosjektansvarleg:** Dagleg leiar i Vest-Telemarkrådet
- **Styringsgruppe:** Representant frå kommunedirektørutvalet i Vest-Telemark, leiar i næringskollegiet i Vest-Telemark, representant frå Telemark fylkeskommune, representant frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og prosjektleiar
- **Prosjektleiar:** Utviklingsleiar i Vest-Telemarkrådet

Samarbeidspartar til dei ulike delmåla er m.a. Husbanken (Region Sør i Arendal og hovudkontoret i Drammen), Universitetet i Sørøst-Noreg, Innovasjon Norge, NAV Vest-Telemark, KS, Nissedal studiesenter i tillegg til Telemark fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Distriktssenteret skal støtte KDD, statsforvaltarane, fylkeskommunane og pilotane i arbeidet.

Innhaldet i bygdevekstavtala

Bygdevekstavtala inneheld tre delmål:

- **Fleire eigna bustader i Vest-Telemark**
- **Korleis få fleire arbeidsplassar i privat sektor**
- **Meir kompetanse i helse og oppvekst**

Det skal utarbeidast årlege handlingsplanar for kvart delmål i avtala og settast i gang aktivitetar og tiltak i tråd med handlingsplanane. Handlingsplanane skal godkjennast av kommunestyra, fylkeskommunen og KDD. Handlingsplanane er grunnlaget for utbetaling av midlar frå statsbudsjettet.

Bygdevekstarbeidet og innspel til handlingsplanen vil etter planen vera sentrale tema for formannskapa på Vest-Telemarktinget 29.-30. april 2025.

Vurdering

Det er svært positivt at Vest-Telemark er valt ut som pilot og får vera med å utvikle eit slikt distriktspolitisk verkemiddel. Deltaking i bygdevekstpiloten er ei unik moglegheit for å bidra til å påverke distriktspolitikken, løfte fram distriktsperspektivet, løyse nokre «flokar» og utnytte eksisterande ordningar betre.

Avtala legg til rette for at pilotkommunane kan prioritere lokale behov og utvikle tiltak som gjev varig effekt og som kan overførast til andre distriktskommunar. Samtidig fører deltaking til ekstra ressursbruk for å utvikle struktur, delta i prosessar og skape samarbeidsformer.

Hovudavtala er eit solid utgangspunkt for vidare arbeid. Det er gjennom årlege handlingsplanar at dei konkrete tiltaka vil bli prioritert. Forankring, tillit og god samhandling mellom dei involverte partane og lokal forankring er avgjerande for å lukkast.

Bygdevekstavtala skal til handsaming i alle kommunestyra i Vest-Telemark og fylkesutvalet i løpet av februar månad.

Det er avgjerande at alle pilotkommunane, Telemark fylkeskommune og regjeringa vedtek likelydande avtaletekst for at prosjektet kan setjast i verk som planlagt. Avtala skal signerast av alle dei seks ordførarane og fylkesordføraren ved ei samla markering i Vest-Telemark i mai 2025.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune vedtek forslag til Bygdevekstavgift for Vest-Telemark.

Vedtaket blir gjort på vilkår av at alle dei fem andre kommunane gjer likelydande vedtak.

Formannskapet si handsaming av sak 10/2025 i møtet den 30.01.2025

Røysting

Kommunedirektørens framlegg blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Vinje kommune vedtek forslag til Bygdevekstavgift for Vest-Telemark.

Vedtaket blir gjort på vilkår av at alle dei fem andre kommunane gjer likelydande vedtak.

Saksordførar: Børge Skårdal

Kommunestyret si handsaming av sak 5/2025 i møtet den 25.02.2025

Røysting

Formannskapet si framlegg blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Vinje kommune vedtek forslag til Bygdevekstavgift for Vest-Telemark.

Vedtaket blir gjort på vilkår av at alle dei fem andre kommunane gjer likelydande vedtak.

Saksframlegg er godkjent av , .